

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 58/2010

av 30. april 2010

om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 70/2007 av 29. juni 2007⁽¹⁾.
- 2) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1692/2006 av 24. oktober 2006 om innføring av det andre "Marco Polo"-programmet for tildeling av finansiell støtte frå Fellesskapet for å fremje eit meir miljøvennleg godstransportsystem (Marco Polo II)⁽²⁾, som retta ved TEU L 65 av 3.3.2007, s. 12, vart teken inn i protokoll 31 til avtala ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 70/2007 av 29. juni 2007⁽³⁾.
- 3) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 923/2009 av 16. september 2009 om endring av forordning (EF) nr. 1692/2006 om innføring av det andre "Marco Polo"-programmet for tildeling av finansiell støtte frå Fellesskapet for å fremje eit meir miljøvennleg godstransportsystem (Marco Polo II)⁽⁴⁾.
- 4) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2010 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I protokoll 31 til avtala artikkel 12 nr. 3 vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

⁽¹⁾ TEU L 304 av 22.11.2007, s. 54, og EØS-tillegget til TEU L 56 av 22.11.2007, s. 8.

⁽²⁾ TEU L 328 av 24.11.2006, s. 1.

⁽³⁾ TEU L 304 av 22.11.2007, s. 54, og EØS-tillegget til TEU L 56 av 22.11.2007, s. 8.

⁽⁴⁾ TEU L 266 av 9.10.2009, s. 1.

- **32009 R 0923**: Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 923/2009 av 16. september 2009 (EUT L 266 av 9.10.2009, s. 1).”

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2010.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel, 30. april 2010.

For EØS-komiteen

A. Seatter

Formann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.